



Mottakarar: Sjå under.

Referanse

2017/14099-GRBI

Dato

14.11.2017

Opptak av lærlinger 2018

HR avdelinga inviterar med dette alle institutt/fakultet/avdelingar ved UiB til å melde si interesse for å ta i mot ein eller fleire lærlingar til sommaren/hausten 2018. Å ta inn lærlingar ein viktig del av UiB sitt samfunnsansvar, og me vonar at så mange einingar som mogleg vil bidra til å gjere UiB til ei stor og mangfaldig lærebedrift også i 2018.

UiB er godkjent som lærebedrift i følgande lærefag (klikk dykk inn på lenkene for å lese meir om faga):

- [Kontor- og administrasjonsfaget](#)
- [IKT-servicefaget](#)
- [Laboratoriefaget](#)
- [Byggdriftarfaget](#) (tre års læretid)
- [Fjernstyrte undervatnsoperasjonar](#)

Dei fleste lærefaga har eit toårig læreløp, medan byggdriftarfaget har tre års læretid. UiB ynskjer å vere ei mangefasettert lærebedrift, og me søker gjerne om godkjenning i nye lærefag dersom det skulle vere aktuelt.

Organisering

Lærlingane vert organisert under eininga der dei har sin arbeidsstad, medan HR-avdelinga betalar lønn for lærlingane. Andre utgifter til t.d. utstyr, eksterne kurs m.m. dekkast av einingane der lærlingane har sin arbeidsplass.

Krav til einingar som skal ha lærling

Å ta imot ein lærling er ei ansvarsfull oppgåve og det er viktig å sette av nok tid til opplæring og oppfølging. Alle lærlingar skal ha ein fagansvarleg ved eininga som har ansvaret for å koordinere opplæringa. Den fagansvarlege lyt godkjennast av fylkeskommunen, og må ha anten fagbrev eller minst seks års relevant erfaring i faget. Rolla som fagansvarleg vert tilgodesett med eit kronetillegg på 1333 kr/mnd. De kan lese meir om den fagansvarlege si rolle i leiarhandboka under fana «[Lærlingordninga ved UiB](#)». Der finn de også [Handboka for lærlingordninga ved UiB](#) med utfyllande informasjon om rolla.

HR-avdelinga si rolle

HR-avdelinga har ein støttefunksjon for einingar med lærlingar, og bidrar med rådgjeving og

Dette er eit UiB-internt notat som blir godkjent elektronisk i ePhorte

oppfølging til lærlingar, leiarar og fagansvarlege. HR-avdelinga koordinerar også opptaket av lærlingar, og sett felles rutinar for lærlingordninga ved UiB.

Rekruttering

UiB har søknadsfrist for læreplassar 15. februar. I kontor- og administrasjonsfaget, der UiB tradisjonelt sett har hatt mange lærlingar, vil det bli organisert ein rekrutteringsdag med felles opplegg for alle einingane som ynskjer lærling i dette faget. Det er eit mål at alle einingane skal delta i avgjersleprosessen. I dei andre lærefaga vert det lagt opp til individuell rekruttering med bistand frå HR-avdelinga.

Me viser igjen til informasjon om lærlingordninga i leiarhandboka under fana «[Lærlingordninga ved UiB](#)», og håpar at de vil ta imot ein lærling i 2018. Ved spørsmål kan de vende dykk til HR-avdelinga på post@hr.uib.no.

Fristen for å melde interesse for opptak av lærling til sommaren/hausten 2018 er **fredag 05. januar, 2018**.

Venleg helsing

Sonja Dyrkorn,
avdelingsdirektør, HR-avdelinga

Grete Birkenes
førstekonsulent

Mottakarakar:

Universitetsdirektørens kontor
Universitetsmuseet i Bergen, Avdeling for naturhistorie
Universitetsmuseet i Bergen, Avdeling for kulturhistorie
Universitetsmuseet i Bergen, Direktørens stab
Universitetsmuseet i Bergen - Formidlingsavdelingen
Institutt for sammenliknende politikk
Sosiologisk institutt
Institutt for informasjons- og medievitenskap
Det samfunnsvitenskaplege fakultet
Institutt for administrasjon og organisasjonsvitenskap
Institutt for økonomi
Institutt for sosialantropologi
Institutt for geografi
Det matematisk-naturvitenskaplege fakultet
Institutt for geovitenskap
Geofysisk institutt
Matematisk institutt
Senter for geobiologi
Institutt for fysikk og teknologi
Institutt for biologi
Molekylærbiologisk institutt
Kjemisk institutt
Institutt for informatikk
Regional komité for medisinsk og helsefaglig forskningsetikk, Vest
Institutt for global helse og samfunnsmedisin
Institutt for biomedisin
Det medisinske fakultet
Klinisk institutt 2
Klinisk institutt 1
Institutt for klinisk odontologi
Institutt for arkeologi, historie, kultur- og religionsvitenskap
Institutt for filosofi og førstesemesterstudium
Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium
Det humanistiske fakultet
Senter for vitenskapsteori
Senter for kvinne- og kjønnsforskning
Institutt for framandspråk
Det juridiske fakultet
Institutt for biologisk og medisinsk psykologi
Institutt for klinisk psykologi
Institutt for pedagogikk
HEMIL senteret

Det psykologiske fakultet
Institutt for samfunnspsykologi
Universitetsbiblioteket
Fakultet for kunst, musikk og design
Griegakademiet - Institutt for musikk
Institutt for kunst
Institutt for design